



DEN NORSKE KYRKJA

Bryne sokneråd

Møtebok

Råd: Bryne sokneråd
Møtestad: Kyrkjekontoret, møterom.
Dato: 11.04.2024
Tid: Kl. 18:30 - 21:30

Følgjene medlemmer møtte

Arne Berge

Arne Espevik

Hans Tore Hetland

Jan Erik Brudeli

Lars Tore Helgeland

Oddmund Gravdal

Ruth Stabel Berg

Rolle

Leiar

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Nestleiar

Forfall meldt frå følgjande medlemmer

Heidi Strand Harboe

Følgjene varamedlemmer møtte

Elias Høie Hetland

Sakliste**Sak nr.**

019/24

020/24

021/24

022/24

023/24

024/24

025/24

026/24

Sakstittel

Godkjenning av innkalling

Godkjenning av referat frå førre møte.

Meldingssaker

Evaluering av årsmøte 2024

Bundne fond - overførast disposisjonsfond

Alpha-kurs etter Velkommen hjem.

Ny liturgi for dei heilage tre dagane i påskeveka.

Open kyrkje i faste- og påsketida. Vegen vidare.



DEN NORSKE KYRKJA

Bryne sokneråd

Arkiv: KF-KF
JournalpostID: 20/6295
Saksbehandlar: Elisabeth S.
Obrestad
Dato: 04.04.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
019/24	Bryne sokneråd	11.04.2024

Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:

Innkalling blei godkjent.

11.04.2024 Bryne sokneråd

BSR - 019/24 Vedtak:

Forslag til vedtak:

Innkalling blei godkjent.



DEN NORSKE KYRKJA

Bryne sokneråd

Arkiv: KF-KF
JournalpostID: 20/6294
Saksbehandlar: Elisabeth S.
Obrestad
Dato: 04.04.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
020/24	Bryne sokneråd	11.04.2024

Godkjenning av referat frå førre møte.

Forslag til vedtak:

Referat frå sist møte blei godkjent.

11.04.2024 Bryne sokneråd

BSR - 020/24 Vedtak:

Forslag til vedtak:

Referat frå sist møte blei godkjent.

Vedlegg:

Protokoll - Bryne sokneråd - 22.02.2024



DEN NORSKE KYRKJA

Bryne sokneråd

Arkiv: KF-KF
JournalpostID: 20/6296
Saksbehandlar: Elisabeth S.
Obrestad
Dato: 04.04.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
021/24	Bryne sokneråd	11.04.2024

Meldingssaker

Forslag til vedtak:

Meldingssakene blei tatt til orientering.

Underliggende sak:

1, Felles kulturkveld med Bryne sokneråd og Time historielag.

11.04.2024 Bryne sokneråd

BSR - 021/24 Vedtak:



DEN NORSKE KYRKJA

Bryne sokneråd

Arkiv: KF-KF, KRK VIRK-300.0, SOKN-Bryne sokn
JournalpostID: 20/6280
Saksbehandlar: Elisabeth S. Obrestad
Dato: 04.04.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
022/24	Bryne sokneråd	11.04.2024

Evaluering av årsmøte 2024

Bakgrunn for saka:

Bryne sokneråd arrangerte årsmøte for kyrkjelyden søndag 10. mars 2024 rett etter gudsteneste.

Evaluering:

Barneopplegg, ingen møtte. Det same har me opplevd tidlegare år. Kan me leggja ennå betre til rette for at unge familiar kjem til årsmøte?

Underskriven protokoll frå årsmøte ligg som vedlegg til saka.

BSR - 022/24 Vedtak:

Arrangere årsmøte etter ei gudsteneste som er breitt representert i forhold til spreing i alder.

Kommunisere breitt ut at me har tilbod om barneopplegg under årsmøte.

Vedlegg:

Årsmøteprotokoll 10.03.24 - Underskriven



DEN NORSKE KYRKJA

Bryne sokneråd

Arkiv: KF-KF
JournalpostID: 20/6281
Saksbehandlar: Elisabeth S.
Obrestad
Dato: 04.04.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
023/24	Bryne sokneråd	11.04.2024

Bundne fond - overførast disposisjonsfond

Bakgrunn for saka:

Frå lang tid tilbake, eldre enn 2009, blei det oppretta eit bunde fond på Bryne sokn kr 76.000,-

Soknerådet bør gjere eit vedtak på kva desse midlane skal brukast til slik at me får det bort. Dette er så gammalt at ingen lengre veit kva midlane i si tid var sett av til.

Forslag til vedtak:

Bryne sokneråd vedtek i møte 11.04.24 å overføre Bunde fond Bryne sokn, kr 76.061,46 til Disposisjonsfond Bryne sokn.

11.04.2024 Bryne sokneråd

BSR - 023/24 Vedtak:

Forslag til vedtak:

Bryne sokneråd vedtek i møte 11.04.24 å overføre Bunde fond Bryne sokn, kr 76.061,46 til Disposisjonsfond Bryne sokn.



DEN NORSKE KYRKJA

Bryne sokneråd

Arkiv: KF-KF, KRK VIRK-300.0, SOKN-Bryne sokn
JournalpostID: 20/6282
Saksbehandlar: Elisabeth S. Obrestad
Dato: 04.04.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
024/24	Bryne sokneråd	11.04.2024

Alpha-kurs etter Velkommen hjem.

Bakgrunn for saka:

Det er kome oppforslag om å ha noko å invitera til vidare etter Velkommen hjem, for eksempel eit Alpha-kurs. Felles for alle menighetane på Bryne og omegn, og på ein nøytral stad.

Kva tenkjer Bryne sokneråd om dette?

Har soknerådet forslag til personar som kan vera med i komiteen eller som kan vera behjelpeleg praktisk eller som gruppeleiarar?

Henvendinga er komen frå dagleg leiar i Time sokn, Anna Bergitte Skårland. Ho er med i komiteen for Velkommen hjem.

Forslag til vedtak:

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

11.04.2024 Bryne sokneråd

BSR - 024/24 Vedtak:

Bryne sokneråd er positiv til at det blir arrangert eit Alpha-kurs etter Velkommen hjem, og ønskjer å bidra inn i arbeidet.



DEN NORSKE KYRKJA

Bryne sokneråd

Arkiv: KF-KF, KRK VIRK-310.0, SOKN-Bryne sokn
JournalpostID: 20/6283
Saksbehandlar: Elisabeth S. Obrestad
Dato: 04.04.2024

Saksframlegg

Saknr.	Råd	Møtedato
025/24	Bryne sokneråd	11.04.2024

Ny liturgi for dei heilage tre dagane i påskeveka.

Bakgrunn for saka:

Kyrkjemøtet har vedteke nye ordningar for gudsteneste på skjærtorsdag, langfredag og påskenatt.

Det er naturleg at Bryne sokneråd drøftar innhaldet i den vedlagde «**Rettleiing til dei tre heilage dagane**», og tek stilling til enkelte saker i desse, i tråd med den gudstenesteordninga som gjeld for soknet.

Bryne kyrkje har forordna gudsteneste fast på skjærtorsdag. Denne er lagt til kvelden kl.19.

For **langfredag** deler Bryne kyrkje og Time kyrkje ei forordna gudsteneste, altså annakvart år. Denne fungerer som fellesgudsteneste for sokna.

Time kyrkje har hatt ei tradisjonell langfredagsgudsteneste. Denne må Time sokneråd ta stilling til vidare.

Bryne kyrkje har i mange år på langfredag hatt «Krossvegbøn» til dei 14 stasjonane på Jesu lidingsveg. Krossvegbøna er utforma av Martin Lønnebo, tilrettelagt av Åsvald og Inggjerd Solheim, og kombinert med eit stort orgelverk av Alain Rideout.

Krossvegbøna følgjer etter ein svært enkel gudstenesteliturgisk samlingsdel, inklusiv tekstlesing frå lidingssoga.

Ho avsluttast med Vår Far og Velsigning.

På **påskenatt** har det før pandemien vore påskenattsmesse i Time kyrkje, særskilt tilrettelagd og i samarbeid med ungdomsarbeid i Time.

Dei siste åra har det ikkje lukkast å få til dette samarbeidet, og messa har uteblitt.

Det er naturleg at Time sokneråd tek stilling til påskenattsmesse vidare.

For skjærtorsdag har Bryne kyrkje i 2023 og 2024 vurdert den nye ordninga og utforma gudsteneste med element frå denne og i tråd med vår lokale grunnordning.

For 2024 har dette også vore gjennom ei drøfting i kveldsgudstenestekomiteen. Planarket for skjærtorsdag 2024 er lagt ved og viser valga som er gjort.

Det er fint om Bryne sokneråd ser gjennom og får dette til godkjenning.

2 saker frå «Rettleiinga» bør soknerådet ta stilling til. Om det skal vera eit **måltid** på skjærtorsdag, for eksempel kveldsmat før gudstena. Og om det skal leggjast til rette for **fotvasking**, som vanleg ordning eller som ei aktuell dramatisering dei åra fotvaskingsteksten frå Johannes 13 er preiketekst.

Saksopplysningar:

Her ligg dokumenta elektronisk:

Forslag til vedtak:

Bryne sokneråd innfører ny liturgi for skjærtorsdagsgudsteneste, og tilpassar den til vår lokale grunnordning, og som det blei gjort i påsken 2024.

Fotvasking kan gjennomførast som ei dramatisering knytta til teksten om fotvaskinga (Joh.13)

Bryne sokneråd vil halda på ordninga med Krossvegbøn, utforma av Martin Lønnebo og tilrettelagt av Åsvald og Inggjerd Solheim, i tillegg til orgelmusikk og lesing frå lidingshistoria på langfredag.

11.04.2024 Bryne sokneråd

BSR - 025/24 Vedtak:

Bryne sokneråd innfører ny liturgi for skjærtorsdagsgudsteneste, og tilpassar den til vår lokale grunnordning, og som det blei gjort i påsken 2024.

Fotvasking kan gjennomførast som ei dramatisering knytta til teksten om fotvaskinga (Joh.13)

Soknerådet ønskjer eit felles kveldsmåltid i forkant av gudstenesta.

Bryne sokneråd vil halda på ordninga med Krossvegbøn, utforma av Martin Lønnebo og tilrettelagt av Åsvald og Inggjerd Solheim, i tillegg til orgelmusikk og lesing frå lidingshistoria på langfredag.

Vedlegg:

Rettleiing for dei heilage tre dagane

Dei heilage tre dagane. Ordning for skjærtorsdag

Dei heilage tre dagane. Ordning for langfredag

Planark skjærtorsdag 2024



DEN NORSKE KYRKJA

Bryne sokneråd

Arkiv: KF-KF, KRK VIRK-349.0, SOKN-Bryne sokn
JournalpostID: 20/6293
Saksbehandlar: Elisabeth S. Obrestad
Dato: 04.04.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
026/24	Bryne sokneråd	11.04.2024

Open kyrkje i faste- og påsketida. Veggen vidare.

Bakgrunn for saka:

Evaluere prøveordninga med open kyrkje måndagar kl 18-20 i faste- og påsketida. Informasjon er viktig, både ute og inne i kyrkja. Veggen vidare?

Forslag til vedtak:

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

11.04.2024 Bryne sokneråd

Behandling:

BSR - 026/24 Vedtak:

Bryne sokneråd ønskjer å halda fram med tilbodet Open kyrkje, måndagane 22. april og 27. mai i forbindelse med open kafè i kyrkjestova.